

Turprogram 2021

Gvarv Turlag og Bø Turlag

Midt-Telemark kommune



Turlaga på Grånåfjell der fire kommunar møtast. Brokefjell bak. Foto: Arne W Hjeltnes

Gvarv Turlag

Lagets formål er å fremje friluftsliv og turaktivitet i området. Vi arrangerer turar i variert skogs- og fjellterreng i sommarhalvåret, merkar og ryddar stiar i Skåråfjell og Breisås. I 2020 hadde laget 83 km merka stiar å vedlikehalde. På heimesida vår (Gvarv Turlag) kan du sjå omtale av turområda og kart. Alle stiane finn du på trykt kart "Turkart Sauherad" (2019) og på appen *UT.NO*. Laget blei stifta i 1986 og har nå ei medlemsmasse på 251 medlemmer.

Skiløype på Skåråfjell

Ved gode snøforhold, blir det køyrd skiløype med snøskuter og sporsettar i Skåråfjell. Dette er ei 18 km lang rundløype, i litt krevjande fjellterreng. Løypa startar ved Holtan Damtjønn. Sjå meir informasjon og webkart på heimesida.

Gapahuk, hytter og minnesmerke

Ved Holtan Damtjønn har Gvarv Turlag sett opp ein Gapahuk i samarbeid med det lokale elgjaktlaget. **Ringstul, Gullnåsstulen og Kraftlaghytta** står ulåst og til fri bruk for alle. Sistnemde blei restaurert på dugnad i 2014, og blir nå drive av Gvarv Turlag. Det er 4 sengeplasser i hytta. For meir informasjon, sjå heimesida vår. Ved Blekketjønn står Eivinds benk- eit **minnesmerke** sett opp i februar 2016.

Føremiddagstur

Nytt tilbod til alle som ønskjer å gå tur med andre midt på dagen. Turane blir i moderat tempo på skogsstiar og litt på grusvegar. Turane varar maks 2-3 timar med kaffepause.

Oppmøte tid og stad sjå turprogrammet, heimesider, facebook og Bø Blad.

Arrangører: Gvarv Turlag, Bø Turlag og Midt-Telemark Seniorlærling.



*Kvalitetssikring av bål plass og Gapahuk
Foto: Berit Bjørnerud*

Bø Turlag

Formålet med laget er å leggje til rette for friluftslivet og betre kjennskapet til nærområdet vårt. Vi ryddar og merker stiar i skog og fjell og arrangerer turar. I tillegg til dette skal laget argumentere for interessene til friluftslivet i aktuelle politiske saker. Bø Turlag har 4 undergrupper:



- Omlag 16 personar held ved like 135 km merka turstiar i 9 turområde.
- Trilleturar for småbarnforeldre går kvar tysdag heile året.
- Fem lag samarbeider om rusleturar i sentrum av Bø kvar tysdag, heile året.
- Turknappen-gruppa legg ut 5 nye turpostar i marka kvart år.

På heimesida vår (Bø Turlag) kan du sjå omtale av turområda og kart. Alle dei merka stiane finn du på nytt trykt kart ”Turkart Bø” (2021) og på appen *UT.NO* og andre kart-appar på mobilen din. Hovudformålet med merking av stiar i skog og fjell, er å leggje til rette for at turfolk skal kjenne seg trygge i naturen og ta seg fram til turmålet og tilbake.

Vi samarbeider med Gvarv Turlag, Notodden Turlag og Seljord Turlag om vedlikehald av stiar som kryssar grenser til andre kommunar. Laget er medeigar i Bø Løypelag som køyrer opp Vihusløypa og skiløypene nede i bygda. I samarbeid med 8 - 10 lag og organisasjonar tilbyr vi omlag 120 gratis arrangement i året, opne for alle. Bø Turlag hadde 291 medlemmer i 2020. Laget blei stifta i 1976.



Tjønnstul på Lijell. Foto: Arne W Hjeltnes

Trilletur i Bø

Trilletur kvar tysdag kl. 11.00. Viss ikkje anna er avtalt, er det oppmøte utanfor Spar. Turen tar om lag ein time. Etterpå er det sosialt samvær på kafé Dårleg vêt er inga hindring, men mange kuldegrader er ikkje bra for små krabatar. Bli med når du har lyst. Du treng ikkje delta kvar veke!

Trillegruppa har eiga Facebook-side der dei gjer avtale om neste tur. Sjå og oppslag på Helsestasjonen, Bø legesenter eller Bø Turlag si heimeside. Kontaktperson: Karin Theil Gregersen, mobil: 40 41 48 05



Trilletur i varierende vêt. Foto: Caroline Li

Rusletur i Bø

Kvar tysdag frå kl 11.00 kan du gå ein tur i Evjudalen eller nærområda. Gullbring kulturanlegg blir møteplass før og etter turen. Her vil ein "turvert" ta imot dei som kjem og passe på at alle føler seg velkomne. Du kan gå korte og lange turar i ditt eige tempo.

Fem organisasjonar samarbeider om dette tilbodet: Nasjonalforeningen Oterholt Helselag, Bø og Sauherad Røde kors, Bø og Sauherad Revmatikarlag, Aktive eldre og Bø Turlag.



Møteplass er utanfor hovudinngangen til Gullbring kl 11.00 tysdagar. Foto: Merete Boye

Barnas Turlag Midt-Telemark

Barnas Turlag Midt-Telemark arrangerer familieturar og varierte aktivitetar i nærområda.

Arrangementa er ein fin arena for å treffe andre familiar som likar å vere ute, og det er moro for barna å vere på tur med andre på same alder. Alle har sjølv ansvar for sine egne barn på turane.

Medlemskap i Barnas Turlag er for barn frå 0 til 12 år, men alle er velkomne på tur. Barnas Turlag Midt-Telemark er ein del av DNT Telemark og samarbeider med Bø Turlag. Sjå Barnas Turlag på Facebook for meir info.

Alle arrangement er gratis og opne for alle. Kontaktperson:
Marte Berdahl, tlf. 97 68 07 09




















Foto: Marte Berdal

Turprogram

Dato	Turmål
07.02.2021	Kom deg ut-dagen i Norbøåsen
10.03.2021	Turbokveldsmat i Maurtua barnehage, Breisås
21.03.2021	Skileik i Krinto, Lifjell
15.04.2021	Søppelplukking og kveldsmat i Evjudalen
09.05.2021	Klatring ved Ballestein på Vreimsida
13.06.2021	Villblomstvandring i området rundt Evju bygdetun, Hørte
05.09.2021	Kom deg ut-dagen til Trytetjønn, Folkestadåsane
17.11.2021	Reflekstur fra Folkestad skule

Turprogram - Gvarv Turlag og Bø Turlag

Dato	Turmål	Turleiar	Kommentar	
Sundag 14. mars	Lifjell på langs Grimås-Jønnbu	Terje Wold	Oppmøte Jønnbu kl 08.45 eller Bøgata kl 09.05. Vêrforbehold	
Måndag 12.april	Føremiddagstur	Gunhild Lønheim	Lønheim-Sletteby Avr. Gvarv st. kl. 11.00	
Onsdag 21. april.	Lindelia- Tjyruhjelen	Kåre Myromslien	Kort runde, med noko stigning Avr. Gvarv st. kl. 18.00	
Onsdag 28. april	Svartufs	Eldbjørg Haugen	Avr. Gvarv st. kl. 18.00/ grendehuset Hjuksebø kl. 18.20	
Sundag 2. mai	Narekollen	Marianne Solem	Frå Bjørnskåsvegen Avr. Gvarv st. kl 10.00	
Sundag 9. mai	Evjudalen	Margit Ims, Bøker i Bø	Oppmøte Gullbring ved hovudinngangen kl 11.00	
Tysdag 11. mai	Eikjarud og Stadskleiv	Halvor Gåra, Seniorlæring i MT	Avr. Bø Frivilligsentral kl. 10.30	
Sundag 16. mai	Maskat og Tørrskanken	Kåre Myromslien	Frå Lindelia. Avr. Gvarv st. kl 10.00	
Onsdag 19. mai	Holtan Damtjønn via Høgås/Løftet	Sigmund Aasdalen	Frå Berganskotet Avr. Gvarv st. kl. 18.00	
Tysdag 25. mai	Liheia	Bergit Li, Bø Museum	Avr. Bø Torg kl 18.00	
Sundag 30. mai	Solbjørgborga og Grønli	Sveinung Lindtveit	Frå Ølsbru, via Mettes Helle Avr. Gvarv st. kl 10.00	
Tysdag 1. juni	Østerholtnatten på Svenseid	Ingrid Askildt	Avr. Bø Torg kl 18.00	
Sundag 6. juni	Lårdalsstigen	Geir Valle	Avr. Gvarv st. kl 08.30	
Onsdag 9. juni	Vegemfjellet	Åge Ernst Øvrebø	Frå Øvrebø-dalen Avr. Gvarv st. kl 18.00	
Måndag 14. juni	Føremiddagstur til Åskollen	Aslaug Torstveit	Frå Hegnunvegen Avr. Gvarv st. kl 11.00	
Onsdag 16. juni	Grasfjell og Muren	Nils Olav Haugen	Frå Briskemyr Avr. Gvarv st. kl 18.00	
Sundag 20. juni	Blåtjønnfjell og Slåkanutane	Halvor Gåra	Avr. Bø Torg kl 08.30	

Dato	Turmål	Turleiar	Kommentar	
Onsdag 23. juni	St.Hans feiring Dyrud Damtjønn	Gvarv Turlag	Styret fyrar opp grillar og bål. Ta med eigen mat og drikke.	
7. til 8. aug.	Haukeliseter	Gvarv Turlag	Overnattingstur Avr. Gvarv st. kl 09.00	
Måndag 9. aug	Føremiddagstur Til Hjuringdeila	Karen Anne Grindem	Avr. Gvarv st. kl 11.00	
Sundag 15. aug.	Skorve	Britt Jorunn Hoppestokk	Avr. Gvarv st. kl 09.00	
Onsdag 18. aug.	Knarren - Skjellaugfjellet	Geir Valle	Avr. Gvarv st. kl 18.00	
Sundag 22. aug.	Bukkelifjellet rundt	Olav Halstensgård	Frå Årmoddalen Avr. Bø Torg kl 10.00	
28. til 29. aug.	Hollane seter	Arne W. Hjeltnes	Overnattingstur, frå Jønnbu. Avr. Bø Torg 28.8 kl 09.00	
Torsdag 2. sept.	Bli-kjent-tur på Lifjell	Live Vestgarden og Anette Fredly	Frå Jønnbu kl. 17.00 Avr. Bø Torg kl. 16.30	
Sundag 5. sept	Ballongfarar- steinen	Hans Inge Hagen, Seljord Turlag	Avr. Bø Torg kl. 10.00	
Tysdag 7. sept.	Sopptur	Bjørn Steen	Avr. Bø Torg kl. 16.20 Oppmøte "steinfyllinga" Breisås.	
Onsdag 8. sept.	Tjuvskuta	Herdis Toreid	Avr. Gvarv st. kl. 17.00	
Måndag 13. sept.	Føremiddagstur Bøelva og Sisjord	Thorvald Amundsen	Avr. Gvarv st. kl. 11.00 Oppmøte Bø Museum kl 11.15	
Tysdag 14. sept.	Rundtur i Breisås	Synnøve Tryggestad	Avr. Bø Torg kl. 17.00	
Sundag 19. sept.	Bømarsjen Østerli - Lifjellv.	Bø Turlag	Oppmøte parkering Lifjell- vegen (Vihus) frå kl 10-12	 
Måndag 11. okt.	Føremiddagstur under Sulukoll	Aud Holde Aarnes	Frå Årnes Kafeteria Avr. Gvarv st. kl 11.00	
Sundag 28. nov	Julegløgg Dyrud Damtjønn	Gvarv Turlag	Servering frå kl 11.00 til kl 14.00	 

Avreise/oppmøte tid og stad kan bli endra.
Turane blir annonsert i Bø Blad ei eller to veker på førehand.
Vi annonserer også på heimesidene og på Facebook.

Fargekoden tar utgangspunkt i ein middels trent, vaksen person som er vant til å gå i terrenget.



Enkel



Middels



Krevjande

Kontingent 2021

Dersom du ønskjer å støtte Gvarv Turlag og/eller Bø Turlag og det arbeidet me gjer, kan du betale medlemskontingenten. Du kan også registrere deg på heimesidene. Hugs å skrive namn og adresse på alle medlemmene, slik at me kan halde medlemsregisteret vårt à jour. Stort medlemstal gjev politisk tyngde i arbeidet vårt for friluftslivet i Midt-Telemark.

Kontingent Gvarv Turlag:
Enkeltmedlem kr. 100,-
Familie kr. 175,-
Kontonummer: 2630.33.51662

Kontingent Bø Turlag:
Vaksne kr. 150.-
Barn (under 16 år) kr. 50.-
Kontonummer: 2630.07.03118
Vipps: Bø Turlag

Grasrotandelen

Grasrotandelen er ei ordning frå Norsk Tipping, der du som registrert spelar kan velje Gvarv Turlag eller Bø Turlag som din "Grasrot-mottakar". Vi håpar du kan tenkje deg å støtte oss! 5 % av innsatsen vil gå direkte til turlaget du har valt. Merk at Grasrotandelen ikkje på nokon måte går ut over innsatsen eller premien din.

Ved registrering vel du:

Organisasjons nummer
993451916 - Gvarv Turlag
988685429 - Bø Turlag

Friskus/Turknappen

Delta på Friskusturar (Gvarv Turlag) og Turknappen (Bø Turlag), og bli kjent på nye spanande stader i bygda vår!

Kravet til Friskusmerket: minst 7 postar.

Kravet til Turknappen: minst 5 postar.

Skjema for registrering finn du på dei to neste sidene og på heimesidene våre. Der finn du også webkart.















Omtale av Turknappen får du ved å klikke i kartet på sti, parkering og turposten.



*Kakkelovnshola bak Bryggefjell.
Foto Arne W Hjeltnes*

Registreringskjema - Friskusturar i 2021

Namn:

Stad	Start	Kasse nr.	Dato
Maskat 	Lindelia, H. Damtjønn		
Griseryggen 	Årnes el. Hetterud		
Sudnuten 	Holtan Damtjønn		
Tørrskanken 	Lindelia el. Hørte		
Sulukollen 	Ringane v/Laskemoen		
Svarttjønn, vestre, Breisås 	Håtveit		
Skautstein 	Holtan Damtjønn		
Vardåsen 	Holtan Damtjønn		
Borgaråsnatten 	Sauherad kyrkje		
Hjuringdeila 	Lindelia el. Berganskotet		
Einlifjell 	Årnes Kafeteria		
Maskatstulen 	D. Damtjønn eller Hørte		
Gulnosstulen 	Holtan Damtjønn		
Poltinutan 	H. Damtjønn/ D.tj.dalen		

Gvarv Turlag har kasse med bok i for registrering av Friskusar på dei stadene som tabellen over viser. Kravet til Friskus-merket er å besøke 7 eller fleire av desse kassene. Send/meld inn skjemaet, og du blir registrert på heimesida til Turlaget. På årsmøtet blir det delt ut merke til dei som har gått første året, deretter kvart 5. år.

Ungar under 16 år får utdelt merke kvart år.







Skjemaet over kan meldast inn på nettsida: www.gvarvturlag.net, leverast eller sendast på e-post til turlaget innan 1. feb. 2022. E-post: info@gvarvturlag.net. Du kan også sende bilde av utfylt skjema via messenger/facebook.

Besøk kassene våre og bli ein Friskus du òg!

Registrerings skjema - Turknappen 2021

Utfylt skjema leverast til Brukås Sport eller på heimesida innan 15. januar 2022.

Namn:

Turknapp-mål	Høgde		Dato
Faste turpostar			
1. Bryggefjell vest for Liheia	778 moh		
2. Gyrestolen i Uvdalsheia	490 moh		
3. Høysslass vest for Nordbøåsane	375 moh		
4. Jøronnatten på Lifjell	1 275 moh		
5. Kakkellovnhola, Bryggefjell	620 moh		
6. Maskat på Askildtfjellet	686 moh		
7. Tåråfjell på Reskjemheia	826 moh		
8. Øysteinnatten på Lifjell	1 174 moh		
9. Ånto under Bryggefjell	500 moh		
10. Åstjønn i Breisås	345 moh		
Turpostar frå 2020			
11. Ballongfararsteinen, Seljord	720 moh		
12. Årnatten, Liheia	572 moh		
13. Fønnstul ved Vårbu	520 moh		
14. Store Damtjønn, Breisås	335 moh		
15. Murukleivhola ved Årmoddalen	650 moh		
Nye turpostar i 2021			
16. Trælsborg, Forberg	150 moh		
17. Busil, Øvre Bø	350 moh		
18. Banken, Røksbu	700 moh		
19. Damtjønnstugo, Reskjem	320 moh		
20. Raudkritholet, Årmoddalen	630 moh		

Premiar

1 år: Bronseknapp

15 år: Diplom

5 år: Sølvknapp

20 år: Plakett

10 år: Gullknapp

25 år: Keramikkvarde

Bø Turlag 2020

Alle turar før sommaren var avlyst på grunn av Covid 19 pandemien. Til saman 4 turar blei gjennomført om hausten. Bømarsjen gjekk i området Sætersbø med 97 deltakarar. Trilleturar for dei minste og rusleturar i Evjudalen gjekk kvar veke. Skodespelar Jeanne Bøe proklamerte "Ibsen: Fjord til Fjell" den 11.9 i Evjudalen.

Tretopper'n nær Jønnbu skal bli eit lågterskeltilbod for barne-familiar og alle som ønsker kort fjelltur til Anebunatten, Krintofjellet og Bøkstulnatten. Kart over merka og umerka stiar er oppdatert i 6 turområde. Til våren 2021 finn du dei på turkart og mange appar på telefonen din. Elles er det gjort smått og stort vedlikehald på stiane.



*Jønnbuflotin på Liffjell i «blåtimen» - etter solnedgang,
Foto: Arne W. Hieltnes*

Gvarv Turlag 2020

Medlemmene har brukt mange timar på vårdugnad i og rundt hyttene. Til Kraftlaghytta kom det ved frå www.ekstrahjelpen.com, og til gapahuken frå medlemmer. På Ringstul er det gjort nye benkar ute. Det er gjort ein del vedlikehald på stiane og skiløypa, og ein ny sti har blitt rydda.

I samarbeid med det lokale elgjaktlaget, er det sett opp ein gapahuk ved Holtan Damtjønn. Den er sponsa av gåver frå privatpersonar, Montèr Storkaas, Systemblokk AS og medlemmer. Gapahuken står til fri bruk for alle.

Det blei arrangert 2 kveldsturar hausten 2020. Julegløggen 1.advent blei gjennomført ved den nye Gapahuken, med 53 pers. innom i løpet av dagen.



På dugnad ved Kraftlaghytta. Foto: Karin Pedersen

Styret i Bø Turlag

Styremedlem

Arne W. Hjeltnes (leiar)
Jarle Tyvold
Synne Syvertsen Blomquist
Bente Carine Drtina
Guro Lepperød

Telefon

46 45 18 50
92 44 82 85
93 20 30 63
41 85 33 02
95 48 41 96

Varamedlem

Bjørg Kaasa
Halvor Gåra
Thorvald Amundsen
Kirsten Wielandt Houe
Gunhild Gåra

Styret i Gvarv Turlag

Styremedlem

Geir Valle
Ingrid Ellingbø Kaasa
Karin H. Pedersen
Nils Olav Haugen
Herdis Toreid

Telefon

97 15 04 27
90 11 90 88
48 15 16 85
97 54 82 59
48 26 80 69

Varamedlemmer

Marianne Solem
Britt Jorunn Hoppestokk

(Styret i 2020. Sjå heimeside for oppdatert info.)



Julegløgg 1. søndag i advent ved Gapahuken. Foto: Karin Pedersen